



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Rådhuset Tysnes kommune  
**Dato:** 06.02.2018  
**Tidspunkt:** 10:00 – 13:00

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Britt Sørensen Dalsgård	Leiar	AP
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP
Kirsten Gunn Epland	Medlem	H

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Lorentz Lunde	Nestleiar	KRF
Patrick Russel Madsen	Medlem	AP

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Vararepresentantar for Lorentz Lunde var innkalla men ingen kunne møte. Patrick Russel Madsen melde forfall same dag som møtet, og det var såleis ikkje tid til å kalla inn vara.

---

**Merknader**

---

**Andre som møte:**

Navn	Stilling
Birte Bjørkelo	Director /forvaltningsrevisor Deloitte – i heile møtet
Steinar Dalland	Rådmann i PS 01/18 t.o.m. 05/18
Aud Kaldefoss	Oppvekstsjef i PS 01/18 t.o.m. 05/18
Hildur Heie	Pleie- og omsorgssjef i PS 01/18 t.o.m. 05/18
Kåre Martin Kleppe	Ordførar - i heile møtet
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet

Britt Sørensen Dalsgård  
utvalgleiar

Kari Marie Nygard  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 3/18	Orienteringssak om tilrettelegging og organisering av PPT-tenester		2014/243
PS 4/18	Orienteringssak om status for etikkarbeid i Tysnes kommune		2016/68
PS 5/18	Oppstart av prosjekt innan forvaltningsrevisjon		2015/196
PS 6/18	Ny personvernlov frå 2018 - Konsekvensar for kommunane		2018/4
PS 7/18	Møteplan for kontrollutvalet i Tysnes kommune 2018		2016/35
PS 8/18	Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2017		2016/72
PS 9/18	Referatsaker		
RS 1/18	Tilsynsrapport etter barnehagelova - om tilrettelagt tilbud til barn med nedsett funksjonsevne		2016/70
RS 2/18	Rekneskap kontrollutvalet 2017 (førebels pr. 12.01.18)		2016/45
RS 3/18	Vedtak i sak budsjett 2018 - økonomiplan 2018 - 2021		2016/45
RS 4/18	Oversikt aktuelle kurs frå Deloitte AS		2015/1
PS 10/18	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/200
PS 11/18	Eventuelt		

### PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.02.2018

##### Handsaming i møtet:

Det var ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

##### Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

### PS 2/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

#### Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.02.2018

##### Handsaming i møtet:

Det var ikkje merknader til protokoll frå møte 14.11.17.

##### Vedtak:

Møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 14.11.17 vart samrøystes godkjent.

## **PS 3/18 Orienteringssak om tilrettelegging og organisering av PPT-tenester**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.02.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Oppvekstsjef Aud Kallefoss orienterte:

- Os har sagt opp avtalen – gjeldande frå 01.08.18.
- Ser på andre løysingar – både mot Fitjar og Stord
- Har sett på rammer for samarbeid – kostnad, og kor mange stillingar er naudsynt mm
- Det er og eit alternativ å oppretta eiga teneste innad i kommunen, men ser at dette vert svært sårbart, og at ein gjerne då må kjøpa inn tenester frå andre for å ha brei nok kompetanse.
- Kontrollutvalet ønsker ny orientering i første møte til hausten

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. Utvalet ønsker ei ny orientering i første møte til hausten.

## **PS 4/18 Orienteringssak om status for etikkarbeid i Tynes kommune**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.02.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Rådmann Steinar Dalland orienterte til utvalet:

- Har drøfta etiske retningslinjer i samband med mediasaker og aksjonsgrupper
- Praksis for gjennomgang av etiske retningslinjer innan mange tenesteområder (skule, barnehage o.a.) i løpet av året er det mellom anna gjennomført case-arbeid på planleggingsdagar
- Arbeider med felles IKT-system for heile verksemda, og etikk-spørsmål i samband med dette
- Opplæringsprogram for nytilsette / personvernprogram
- Personvernombud i 40 % stilling for m.a. arbeid med innføring av ny personvernlov
- Fokus på varsling og etikk – gjennomgang særleg med hensyn til «metoo-kampanje».
- Samarbeid med vernetenesta og tillitsvalde
- Etikkarbeidet vil bli omtala i eige avsnitt i årsmelding for 2017.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet er nøgd med informasjonen, og tek den til orientering.

## **PS 5/18 Oppstart av prosjekt innan forvaltningsrevisjon**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet vil ikkje konkurranseutsetja arbeid med forvaltningsrevisjon prosjekt for prosjekt, men heller dra nytte av den konkurranseeksponeringa om revisjonstenester som alt har vore for perioden 01.07.16. – 30.06.21., og som inkluderer forvaltningsrevisjon for denne avtaleperioden.
2. Kontrollutvalet vil gjennomføra forvaltningsrevisjon innan .....
3. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar og ressursbruk.
4. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast innan 27.02.18 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.02.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Rådmann gav ei fylldig orientering for å visa forankring og strategiske val for drift av nytt omsorgssenter og disponering av tenestene innan pleie- og omsorg.

Pleie- og omsorgssjef Hildur Heie orienterte om stoda når det gjeld bruk av det nye omsorgssenteret og behov for tildeling av pleie- og omsorgstenester.

Kontrollutvalet fekk stilla spørsmål som det vart svara på, og drøfta ut frå informasjonen som vart gjeve. Utvalet takka administrasjonen for ei god orientering om dei spørsmålsstillingar som er reist. Etter orienteringa forlet administrasjonen møtet.

Spørsmålet om konkurranseutsetting av arbeidet med forvaltningsrevisjon vart så drøfta. Sekretariatet gjennomgjekk argumentasjonen som ligg til grunn for tilråding i pkt. 1 i forslag til vedtak. Ordførar gjorde greie for bakgrunn for at kommunestyret har bede kontrollutvalet å vurdere konkurranseutsetting av den einskilde forvaltningsrevisjon. Kommunestyret har fått opplyst at kontrollutvalet i Tysnes har høgare kostnader enn kommunar ein ellers kan samanlikna seg med, og ønskjer ut frå slike opplysningar å sjå på om kostnader på budsjettet til kontrollutvalet kan reduserast.

Klargjering av kostnader for kontrollutvalet i Tysnes, samanlikna med andre kommunar, må leggst fram i samband med ny budsjettsak til hausten. For 2018 har kommunestyret vedteke forslaget til budsjett som kontrollutvalet har lagt fram, og det er såleis rom for å gjennomføra ein forvaltningsrevisjon i 2018.

Kontrollutvalet drøfta ut frå dette og konkluderte med at dersom ein skal få gjennomført ein forvaltningsrevisjon i 2018, vil det ikkje la seg realisere med å velja konkurranseutsetting. Ein stor del av året vil gå med til arbeid med konkurranseutsetting, og det vil då vera lite tid igjen til å gjennomføra noko prosjekt i 2018. Utvalsleiar sette fram nytt forslag til vedtak vedr. pkt. 1. Dette punktet vart røysta over og samrøystes vedteke.

Deretter drøfta kontrollutvalet valg av prosjekt. Det var semje om å gå inn for å gjennomføra forvaltningsrevisjon av prosjekt nr. 1 - Helsestasjon og skulehelseteneste. Føremål og spørsmålsstillingar vart drøfta. Det vil vera viktig å sjå på om Tysnes kommune etterlever forskrifter og regelverk innan dette tenesteområdet. Vidar bør forvaltningsrevisjonen svara på spørsmålstillingar rundet ressursbruk, kapasitet, system og rutinar. Pkt 2, 3 og 4 i vedtaket vart så teke opp til røysting. Vedtak som vart fatta var samrøystes.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet har vurdert konkurranseutsetting av arbeid med forvaltningsrevisjon prosjekt for prosjekt. I vedteken plan for forvaltningsrevisjon for valperioden er det lista opp fire prioriterte prosjekt. Ingen av dei er gjennomført. Utvalet ser at resultatet av å konkurranseutsetja dette arbeidet nå, ville vera at ein heller ikkje får gjennomført noko forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2018. Kontrollutvalet vil prioritera å få gjennomført eit prosjekt i 2018.
2. Kontrollutvalet vil gjennomføra forvaltningsrevisjon innan helsestasjon og skulehelseteneste.
3. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar og ressursbruk.
4. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast innan 27.02.18 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

## **PS 6/18 Ny personvernlov frå 2018 - Konsekvensar for kommunane**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber rådmannen til neste møte å svara skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram av drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret vert å senda til sekretariatet innan 05.03.2018.
2. I tillegg ber kontrollutvalet rådmannen om å koma i møte 19.03.2018 for å orientera munnleg om saka.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.02.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet var samde om at ein skulle be om slik orientering til neste møte. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber rådmannen til neste møte å svare skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram av drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret vert å senda til sekretariatet innan 05.03.2018.
2. I tillegg ber kontrollutvalet rådmannen om å koma i møte 19.03.2018 for å orientera munnleg om saka.

**PS 7/18 Møteplan for kontrollutvalet i Tysnes kommune 2018****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2018:

Dato:	Merknad:
06.02.2018	Under avvikling
19.03.2018	
03.05.2018	
20.09.2018	
29.11.2018	

Møtedatoane vert å senda over til kommunen for å bli lagt inn i møteplan / møteoversyn på heimesida til Tysnes kommune.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.02.2018****Handsaming i møtet:**

Det kom framlegg om å endra dato for neste møte til 03.04.18. Med denne endringa vart forslag til vedtak samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2018:

Dato:	Merknad:
06.02.2018	Under avvikling
03.04.2018	
03.05.2018	
20.09.2018	
29.11.2018	

Møtedatoane vert å senda over til kommunen for å bli lagt inn i møteplan / møteoversyn på heimesida til Tysnes kommune.

**PS 8/18 Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2017****Forslag til innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2017.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.02.2018****Handsaming i møtet:**

Årsmeldinga vart gjennomgått og kommentert. Det kom ikkje framlegg om å gjera endringar til årsmeldinga slik den ligg føre. Innstilling til kommunestyret var samrøystes.

**Innstilling:**

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2017.

## PS 9/18 Referatsaker

### Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.02.2018

#### Handsaming i møtet:

Desse referatsakene vart gjennomgått:

- RS 1/18 – Tilsynsrapport etter barehagelova – om tilrettelagt tilbod til barn med nedsett funksjonsevne  
Gjennomgått og teke til orientering.
- RS 2/18 - Rekneskap kontrollutvalet 2017 (førebelis pr. 12.01.18)  
Gjennomgått og teke til orientering.
- RS 3/18 – Vedtak i sak budsjett 2018 – økonomiplan 2018 – 2021  
Gjennomgått og teke til orientering.
- RS 4/18 - Oversikt over aktuelle kurs i regi av Deloitte  
Gjennomgått og drøfta. Kontrollutvalet ber om at det vert sendt henvending til ordførar og rådmann for å få tilbakemelding på om det er aktuelle tema det er ønske om kurs i. Saka vert så sett opp til neste møte.

#### Vedtak:

RS 4/18 - Oversikt over aktuelle kurs i regi av Deloitte

Kontrollutvalet ber om at det vert sendt henvending til ordførar og rådmann for å få tilbakemelding på om det er aktuelle tema det er ønske om kurs i.

Kontrollutvalet tek ellers referatsakene til orientering.

## PS 10/18 Gjennomgang av møteprotokollar

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

### Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.02.2018

#### Handsaming i møtet:

Aktuelle protokollar vart gjennomgått og drøfta. Nokre saker vart kommentert, bl. anna sa ordførar litt om etterspurnad av tenester vedr. vigslar i kommunal regi. Det var ingen saker ein ville be om meir informasjon om på noverande tidspunkt. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

## PS 11/18 Eventuelt

### Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.02.2018

#### Handsaming i møtet:

Det var ingen saker å ta opp under eventuelt.

#### Vedtak:

Ingen vedtak fatta.